

Arkivnr: 2015/1434-767

Saksbehandlar: Bertil Søfteland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		23.05.2019

Oppdatert møteplan hausten 2019**Samandrag**

Det vert med dette lagt fram forslag til oppdatert møteplan for hausten 2019 for fylkesting, fylkesutval, valnemnd, dei faste utvala, finansutvalet, medverknadsorgana, administrasjonsutvalet og trafikktryggingsutvalet.

På den elektroniske møteplanen på nettsidene våre vil ein også ta med møtedatoane for desse organa etter kvart som dei vert vedtekne.

Prosjektlear vil kome tilbake med forslag til møteplan for 2020 til møte i fellesnemnda i juni 2019.

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda vedtek oppdatert møteplan for hausten 2019 frå og med konstituering av Vestland fylkesting, fylkesutvalet, valnemnda, finansutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, hovudutval for kultur, idrett og integrering, administrasjonsutvalet, klagenemnda, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkesting for ungdom og Vestland fylkesting og trafikktryggingsutvalet slik det går fram av side 3 i denne saka.
2. Fellesnemnda rår Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til å vurdere og justere si eiga møteplan for hausten 2019 frå og med datoen då Vestland fylkesting blir konstituert.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleder, 16.05.2019

Møteplan for hausten 2019 var til behandling som PS22/2019 til fellesnemnda sitt møte 13.3.2019. Det ble der vist til dagens kommunelova § 32, kor det er organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ. Etter ny kommunelov § 11-2 skal det haldast møter i folkevalde organ dersom eitt av tre vilkår er oppfylt;

- Organet selv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- Organets leder mener det er nødvendig.
- Minst 1/3 av medlemmene krever det.

Fellesnemnda har etter inndelingslova § 26 i oppgave å førestå det førebuaende arbeidet med samanslåinga. I PS 22/2019 til Fellesnemnda var det gjort greie kvifor fellesnemnda har kompetanse til å vedtak møteplan for hausten 2019.

I oppdatert møteplanen er fylkesutvalet sitt møte som var satt opp til 6.12 foreslått flyttet til 3.12. Etter nøgjeldande kommunelov § 45 nr. 3 (1992), skal innstillinga til årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som ligg føre, leggjast ut til alminnelig ettersyn minst 14 dagar før den behandlast i fylkestinget. Innstillingane frå fylkesutvalet publiserast og sendast til fylkestinget sine medlemmer den 3.12 for at fylkestinget kan behandle årsbudsjett på fylkestinget som er satt til 17/18.12.

For hovudutvala er det lagt inn ein ekstra møtedato. Denne er foreslått til 2.12 og er i forkant av finansutvalet og fylkesutvalet sitt møte 3.12.

Det er lagt opp til møte i valnemnda 16.10 og 17.12.

Fylkesutvalet og finansutvalet vil etter forslaget ha 3 møter i 2019. Dette er 24.10, 13.11 og 3.12.

Administrasjonsutvalet vil etter forslaget ha sitt første møte 26.11.

Dei tre medverknadsorgana; fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkesutval for ungdom vil etter forslaget alle ha sitt første møte i uke 48.

Endelig er det lagt inn forslag til møtedato for trafikktrykkingsutvalet til 28.11.

Valet til Vestland fylkesting er 9. september 2019. Fellesnemnda vedtok i PS 22/2019 at fylkesvalstyret, som er fellesnemnda, godtar valet i møte 18. september. Konstituerande fylkesting vert vedteke til 15. og 16. oktober. På dette tingsete vil fylkestinget mellom anna velje fylkesordførar, fylkesvaraordførar, leiare og nestleiarar samt medlemmer til dei folkevalde organ.

UTVAL	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
Fylkesting	15./16.		17./18.
Valnemnda	16.		17.
Fylkesutval	24.	13.	3.
Finansutval	24.	13.	3.
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.	2.
Hovudutval for opplæring og kompetanse		12.	2.
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		12.	2.
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		12.	2.
Administrasjonsutvalet		26.	
Fylkeseldrerådet		25.	
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		27.	
Fylkesutval for ungdom		29.	
Trafikktryggingsutvalet		28.	
*Politikardag – folkevaldopplæring		11.	

- * Politikardag er ein ordning som i dag er vanleg i Sogn og fjordane. Vestland fylkeskommune innfører politikardag for alle representantane på Vestland fylkesting.